



TUROMRÅDE: Gro Skullasson og Osmund Ueland er både stolte og fornøgte med opprustinga av stig- og løypenettet i Nes østmark.

Går trygt i marka

■ Har skilta turløypene i Nes østmark ■ Meir tilgjengeleg

Etter eit par tusen dugnadstimar har Nes østmark fått eit lyft.

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

– Eg føler at me har gjort ein jobb både for hyttefolket og Nes kommune, seier Osmund Ueland.

Den tidlegare NSB-direktøren med hytte i området har vore lokomotivet i dette arbeidet. Som leiar i Buvasstølan sti- og løypelag har han gått i bresjen for dette store skiltprosjektet som ordførar Tor Magnussen offisielt opna førre helg.

– Eg trur hyttene blir meir brukt no. Og eg er sikker på at også bygdefolk vil bruke om-

rådet. Me har gjort naturen meir tilgjengeleg, seier Ueland.

Stort prosjekt

Det som begynte med ein ide om betre skilting av løyper i Buvatnområdet har enda opp med eit lyft for heile Nes østmark.

Med støtte frå kommunen, fylkeskommunen og Gjensidigestiftinga, til saman 119.000 kroner, lokalt næringsliv og altså 2000 dugnadstimar kan turgåarar bli guida rundt i dette fine fjellområdet både på ski og til fots. Det er sett opp tolv infotavler og 110 skilt. 35 km med stiggar og 20 km med skiløyper er merkte og utbetra, og det er merkt stiggar til fiskevatn. Skiløypa frå Gol til Flå går gjennom områ-

det. Den kallar dei no Eventyr-løypa og er 23 km lang. Delar av denne er utvida til fire meters breidde slik at ei moderne tråkkemaskin kan brukast til prepareringa.

– Tråkkemaskina kjem, forsikrar Ueland. Det er alt samla inn 400.000 kroner.

Stig til Vassfaret

Det er også merkt og utbetra ein stig til Fønhuskoia i Vassfaret, og det er bygd rasteplass og parkeringsplass med stje-grupper.

– Området var attgrodd, og det var berre nokre gamle pinnar som løypermærke, seier Ueland.

Han viser stolt rundt saman med Gro Skullasson frå Nesbyen, hytteeigar og den største dugnadsentusiastane av alle.

Ho vart kåra til årets dugnads-person under opninga.

– Me har teke dei to første trinna med å ruste opp Nes østmark, seier Ueland.

Høge mål

Det er også inngått eit samarbeid med tre andre hyttevevforeiningar i området. Alle har eit felles mål.

– Dugnadsinnsatsen har vore heilt utruleg. Folk har stilt opp, seier han.

– Er jobben ferdig?
– Nei, nei. Me er ikkje ferdige. Me sette oss høge mål, og me skal vise at me meinte alvor med det me har sagt og skreve. Dessutan skal sti- og løypenettet haldast ved like. Me skal også lage eit kart der stigane og løypene er teikna inn, seier Osmund Ueland.

Lagar nye utfordringar for folkehøgskulen

Elevar som vil gå på folkehøgskule kan vente seg 10.000 kroner mindre i støtte dersom forslaget til statsbudsjett blir vedteke.

BERNT IVAR BERGUM
bib@hallingdolen.no

– Forslaget betyr 10.000 kroner mindre i støtte til dei som vil gå på folkehøgskule, noko som kan gi utslag for kven som kan søkje seg hit, seier Gisle Skoglund, rektor ved Hallingdal Folkehøgskule på Gol.

Skulen har vore pressa på økonomi over tid. Forslaget til statsbudsjett for 2015 gjer ikkje situasjonen betre. Tvert om.

Elevar vil få redusert statsstøtta til skuleåret frå 10 til 9 månader. I tillegg får skulane kutt i elevstøtta, ein sats per elev. Til saman skal kutta bli på 35 millionar kroner. Dette er pengar regjeringa i staden vil bruke på andre ting.

– Mange skular har ein vanskeleg økonomi alt i dag. Desse må no tene inn pengane på andre måtar. Eg trur det blir tungt for mange.

– Korleis blir det for dykk?
– Det blir ei tøff utfordring. Me har ikkje lagt strategien enno. Førebels er dette noko Folkehøgskulerådet jobbar med sentralt, seier Skoglund.

Folkehøgskulen, som institusjon i Norge, feirar 150 år i år. Hallingdal Folkehøgskule vart etablert i 1959. Skulen har i år 68 teljande elevar, inkludert fire stipendiatar (2. årselevar). For nokre få år sidan var elevtalet over 90. Skulen sysselset 15 årsverk.

KJELL DOKKEN (57), NESBYEN
Smørblid ildsjel med over 35 år frivillig arbeid bak seg.

Er du blid får du det igjen.

Kjell får gode vilkår og bedre råd av en han kjenner. I en bank som strekker seg litt lenger - for både ham og bygda.

SKUE SPAREBANK
KORTREIST BANK SIDEN 1842

DRAMMEN FLÅ GEILO GOL HOL NESBYEN NUMEDAL SIGDAL

Lokalbank med MOT

En alliansebank i eika.